

**MØTEBOK****F.v 545 Rimbareid-Vik. Stadfesting av reguleringsplan.**

Utval sak	Utval	Møtedato
35/14	Utval for plan og miljø	07.05.2014
37/14	Kommunestyret	18.06.2014

**Vedlegg:**

Kart, dagsett 30.04.2014  
Føresegner, dagsett 05.05.2014  
Planomtale, dagsett 05.05.2014

**Samandrag:**

Statens Vegvesen starta i 2013 planlegging av utbetring på Fv. 545 frå Rimbareid til Vik. Strekninga er 1,7 km lang, og føremålet med planen er å lage ein betre veg på strekninga, ta bort trafikkfarlige punkt, etablere gode siktlinjer og redusere faren for ulykker og lage ein god overgang mot annan vegstandard ved eksisterande veg i planens slutt i sør (Vik). Dagens veg vil verte utvida hovudsakleg på vestsida av vegen. Løysinga bandlegg ein del jordbruksareal langs traseen.

Planen melde oppstart med annonse i Sunnhordland 14.07.2013, og vart lagt ut til offentlig ettersyn den 12.02.2014

Det kom inn 11 merknader til planen på offentlig ettersyn. Desse er kommenterte under, og relevante merknader innteke i planen. Mogleg parkeringsplass P1 blir omgjort til tømmervelteplass. Gang/- sykkelveg er flytta frå austsida av vegen til vestsida så langt som til parkeringsplass P2.

Administrasjonen rår på bakgrunn av dette til at planen vert stadfesta slik han no ligg føre.

**Saksopplysningar:**

Planen melde oppstart gjennom annonse i Sunnhordland 14.07.2013, og vart lagt ut til offentlig ettersyn etter politisk vedtak 12.02.2014. Han har etterpå vorte varsla på vanleg måte pbl. §12-10 med annonse i bladet Sunnhordland, og i brev til eigarar, rettighetshavarar og offentlege mynde. Planen slik han ligg føre er ein godt gjennomarbeidd og trafikksikker plan bygd på handbøkene som SVV nyttar i planlegging. Det kom fleire henvendingar frå rørde partar då planen låg til offentlig ettersyn, og ein fekk inntrykk av at dei fleste naboane hadde meiningar om korleis løysingane burde verte. Spesielt gjaldt dette nordom krysset i Vik. Det vart i slutfasen av høringa difor halden synfaring i området der alle naboane som hadde vendt seg til kommunen om planen, fekk vere til stades for å finne ei best mogeleg løysing på av og påkøyring til eigedomane og til Fv. 545. Representant frå landbruksavdelinga i kommunen var og til stades under synfaringa saman med sakshandsamar og planleggjar frå SVV.

Ein vart samde om ei løysing der Per Drønen med Peralø, Kjell Strand og Jæger Drønen nyttar nytt felles kryss der vegen opp til Peralø går i dag. Bussar til Peralø skal derimot i framtida ikkje køyre opp på plassen som i dag, men parkere langs Fv. 545, og det skal lagast gangveg opp til løa.

Vegen inn til Strand skal svinge til høgre så tidleg som mogeleg for å unngå produktiv jord. Landbrukspåkøyring for Jæger Drønen frå og til resteigedomen på oppsida av vegen skal bestå. Han skal og nytte det same krysset.

**Notat frå Sindre Egeland med kommentarer til merknader.  
Fv. 545 Rimbareid - Vik**

Merknader til planforslaget med kommentarer  
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE):

- Ingen merknader til planframlegget.

**Knut Inge Drønen mm.:**

- Ønske om avkjørsel ved pel 1500 for 3 grunneiere. Refererer til befarings.

o På befarings kom vi fram med en god løsning alle 4 grunneiere, kommunen og vegvesenet mente var god. Planen endres etter denne. Referat etter møte er godkjent av partane.

**Øystein Vik:**

- Ønsker busstopp mellom punkt 3 og 4 i skissen vist i planomtalen side 8.

o Slik løsningen er nå blir det 250 meter å gå nordover for den ene avkjørselen han henviser til og 350 meter sørover for den andre avkjørselen. Og det er gang- og sykkelvei på strekning. Slik vi ser det er det unødvendig med ekstra stopp her.

- Ønsker langsgående belysning og 60 km/t fartsgrense.

o Dette reguleres ikke inn i planen. 60 km/t er lagt til grunn.

**Magnus Tislevoll:**

- Ønsker gang- og sykkelveg på vestsiden av vegen.

o Dette er gjort en prosess på og argumentert for i plan. Vi ønsker å beholde g/s-vegen på østsiden.

**Hordaland fylkeskommune:**

- Ingen vesentlige merknader til planforslaget.

**Reidar Kloster:**

- Ønsker mindre midtrabatt, tilsvarende Fitjar sentrum – Rimbareid.

o Forrige parsell er en minimumsløsning og vegvesenet ønsker å regulere inn en god løsning for myke trafikanten på strekningen. Går man ned på denne bredden blir det dyrere å anlegge rekkverk, avkjørsler og opprettholde siktkrav. Rabatt skal være grønn.

- Ønsker å flytte busstoppet 100 m pga. innsnevring av tomt.

o Busslomme tar kun av arealet til midtrabatten.

- Ønsker befarings med utbygger ang. matjord og løsmasser.

o Dette ordnes på byggeplan med byggeleder.

**Fitjar bondelag:**

- Ønsker at eksisterende riggplass tilbakeføres til landbruk.

o Misforståelse pga. feil bnr på eiendom for riggplass. 62/2 skal være 62/22.

- Ønsker samme standard, bredder som Fitjar sentrum – Rimbareid.

o Se svar ovenfor.

- Ønsker å ha g/s-veg på vestsiden forbi P1 og P2.

o Vegvesenet ser på dette som en god løsning ettersom P1 og P2 ble innført i planen.

Planen endrast på dette punktet. I den grad dette rører ved sette plangrense vert denne juster då det er av liten påverknad.

- Ønsker tilkoblingspunkt for dreng på alle grenseeiendommer.

o Ordnes med byggeleder.

- Jorden som brukes til bakkeplanering må være soldet jord, steinfri.

o Ordnes med byggeleder.

**Helga Rimmereid:**

- Informerer om feil bnr på riggplass.

o Står 62/2 i planomtalen. Dette skal endres til 62/22. Denne ble fraskilt 62/2 i forrige runde.

**Fitjar Kraftlag:**

- Informerer om høyspentkabel langs veg. Vedlagt kart.

**Fylkesmannen i Hordaland:**

- Ingen merknader til planen.

**Annet:**

- P1 tilbakeføres til tømmeropplagsplass i plankart.

- Endrer på plassering av busstoppe ved profil 800 for å kanalisere all fotgjengertrafikk til ett punkt mellom stoppene. Stoppene bytter side, mindre endring.

Sindre Egeland, Statens vegvesen  
Bergen, 24.04.2014

Knut Inge Drønen fekk i oppdrag å skrive eit enkelt referat frå synfaringa. Referatet er tilsendt samtlege som var til stades på synfaringa og er limt inn i saka her og gjeld som innspel frå partane. Referatet samsvarar med slik kommunen oppfatta situasjonen. Referatet vart motteke på bokmål men er her oversett til nynorsk:

Vegmøte/synfaring for utbedring av fylkesveger 545 Vik, der avkjørsle til Gnr. 59, bnr, 2, 5 og 48 vert rørd.

Til stades var:

Lars Knut Aarland, Fitjar kommune.

Åse Nøttveit, Fitjar kommune, landbrukskontoret.

Sindre Egeland, Staten vegvesen.

Morten Thorland, Gnr, 59, bnr.2 (Jæger Drønen).

Kjell Strand fra Gnr, 59' bnr, 5.  
Knut Inge Drønen fra Gnr,59 bnr, 22.  
Per Drønen fra Gnr, 59. Bnr, 48

### **Referat frå synfaringa ved Knut Inge Drønen**

*Syner til innkalt møte/ synfaring frå Fitjar kommune der avkjøyring til 59/2. 5 og 48 var tema og der repensetantar for eiendomane var til stades.*

*Partane fekk uttale seg om skisse til plan med utkjøyring fra 59/2 og 59/48 til kommunal veg, (gamlevegen) samt å stengje utkjørsel fra 59/5 til fylkesvei 545.*

*Samtlige av partene meinte at dette var ei lite egna løysing.*

*Ved å få en felles utkjørsel for 59/2, 5, og 48 i område kor 59/5 si utkjøyring i dag ligg ville vere ei god løysing som alle kunne akseptere. Landbruksavkjøyringa for 59/2 austover i område kor den i dag ligg vert oppretthalden.*

*Gar 59, bnr 22 vert ikkje rørde gjennom denne planen.*

*Vegvesenet skulle utarbeide ny plan basert på det partene her vart samde om.*

*Referent.*

*Knut Inge Drønen.*

Alle innspel til oppstart vart kommentert før planen vart handsama i utvalet og lagt til offentleg ettersyn. Endringane som vart føretekte vart teikna inn i kart og skrive inn i plandokumenta.

Det kom og fleire innspel innspel på offentleg ettersyn. I tillegg hadde kommunen dialog med dei mest rørde partane i Vik som omtala i samandraget.

- 1 Hordaland Fylkeskommunen minner om at det er potensiale for å finne fortidsminner i området og at det må takast omsyn til kulturminner.
- 2 NVE. Har ingen merknader til planen.
- 3 SVV. Har ingen merknader til planen.

Ingen av innspela hadde merknader til planen utover dette, men ein del naboar melde skepsis til den omtala løysinga nordom krysset i Vik. Desse vart kalla inn og var til stades på synfaring på staden der ein vart der samde om naudsynte endringar. Dette går fram av samandraget og gjeld som samla innspel som er teke omsyn til, teikna inn i kartet og skrive inn i plandokumenta.

Kommunen og SVV sitt eige trafikksikringsorgan har vore med i planlegginga. Planen har vore sendt attende for utbetring på bakgrunn av det arbeidet med fokus på frisisitasjonen rundt krysset i Vik.

Planen samsvarar med kommuneplanen på alle vesentlege punkt, og areala er planlagd nytta på ein heilskapleg måte. Hovudfokus har vore sikkerhet, men ein har og greidd å balansere dette med tilpassing til naturen og omgjevnadene på ein bra måte. Ein del landbruksareal forsvinn. Eit bygg må rivast og erstattast. 7 hus får støysikringstiltak. Planen legg til rette for ein god veg, gang og sykkelsti og sikre avkjørslar.

Det er samsvar mellom planen og rettleiaren som kommunen nyttar ved planlegging. Det ligg i saka ved kart som er endra etter offentleg ettersyn. Det endelege kartet skal kvalitetssikrast og teiknast elektronisk før stadfestingsvedtaket i kommunestyret. Det skal foretakast små endringar i føresegner og planomtale før stadfestinga og i samsvar med dette vedtaket. Dette skyldast kapasitetsmangel hjå Statens Vegvesen.

### **Vurdering:**

Oppstartsmøte vart tinga av Statens vegvesen, og halde i kommunestyresalen etter vanlege rutiner. Planen er utforma etter Statens vegvesen sine handbøker. Det har i prosessen vore ulike syn på korleis strekket burde løysast. Blant anna har det vore eit problem at strekket frå Fitjar sentrum til Rimbareid har gang og sykkelsti på vestsida medan den nye vegen får det på austsida. Heile området langs austsida av vegen i Hungersdalen er eit bustad og landbruksområde. Vurderinga har vore at dette er den rette løysinga utifrå kor folk bur langs vegen, men at dette betyr at ein må sikre overgangen på ein god måte, blant anna med hjelp av lys og merking (trafikksikringsnemnda avgjer). Gang/- sykkelveg er flytta frå austsida av vegen til vestsida så langt som til parkeringsplass P2. Dette for å binda saman parkering og tilgang til det verna landskapsområdet ved Rimbareidstjørna med gangveg til Rimbareid, og til vegen til fjells på andre sida. På austsida er det ingen brukarar på den strekkja der gangvegen blir flytta frå. Etter ynskje frå skogbruket blir parkeringsplass P 1 tilbakeført til tømmeropplagsplass.

Strekninga er planlagd løyst med eit kjørefelt i kvar retning pluss gang og sykkelsti som er skild frå vegbana. Kurvaturane i vegen vert retta ut. Brua i Vik vil verte erstatta med ny bru litt lengre nord. Dette er vurderst som betre og sikrere enn dagens løysing. Det er ikkje planlagd undergang for personar då handbøkene ikkje krev det. Forholda i området og krav til universell utforming gjer og at slik undergang vil vere svært kostnadskrevjande og vanskelig å få bygd, og vurderinga er her at det heller ikkje er gjennomførbart.

På grunn av kapasitetsproblem hos SVV legg me saka fram til utvalet med endringar i høyringsdokumentet manuelt teikna inn i kartet. Me er lova endelege føresegner og planomtale tilsendt i løpet av måndag. Desse vert ettersendte måndag.

**Framlegg til vedtak:**

Administrasjonen får fullmakt til å gjere naudsynte endringar i kart, føresegner og omtale før planen vert lagt fram for kommunestyret til stadfesting.

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre stadfestar framlagd detaljreguleringsplan for Fv.545 Rimbareid-Vik.  
Plankart dagsett 30.04.2014  
Føresegner dagsett 05.02.2014  
Planomtale dagsett 05.02.2014  
Vedtaket er gjort med heimel i plan og bygningslova § 12-12

**Behandling i Utval for plan og miljø - 07.05.2014:**

Utdelt i møtet: Ny forskrift

Administrasjonen orienterte om feil i dato på føresegnene og planomtalen, disse er dagsett 05.05.2014. Administrasjonen rettar opp dette.

**Tilråding til kommunestyret . ( Samrøystes)**

Fitjar kommunestyre stadfestar framlagd detaljreguleringsplan for Fv.545 Rimbareid-Vik.  
Plankart dagsett 30.04.2014  
Føresegner dagsett 05.05.2014  
Planomtale dagsett 05.05.2014  
Vedtaket er gjort med heimel i plan og bygningslova § 12-12

**Behandling i Kommunestyret - 18.06.2014:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.



Atle Tørnes  
Rådmann